

Tambarskjelvar IL – Styremøte 3/2020 – 15.10.2020

Felles møte med hovudlaget og gruppene. Til stades: Anne Sofie Berntsen, Åsmund Berthelsen, Steinar Kvame, Jan Magne Åsnes, Frode Solvik, Merete Myklebust, Pål Arve Myklebust, Espen Langedal, Siss-May Edvardsen

Fråver: Sigrid Førde, Janne Nøstdal, Eigil Instebø, Vidar Slettehaug

Saksnr	Tema	Ev. utdyping av tema	Drøfting og Vedtak
10/2020	<p>Høyring – 20/46359 Hall-leige i Sunnfjord kommune</p> <p>Nye leigesatsar betyr rimelegare hall-leige for gruppene i Tambarskjelvar, om vi stiller med følgjande dugnad:</p> <ul style="list-style-type: none">- Vakthald- Kontaktpunkt/opplæring- Bidreg til fordeling av treningstid	<p>Kommunedirektøren har kome med framlegg om ei samla løysing for drift av alle idrettshallane i Sunnfjord kommune, som vert tilpassa lokalt for kvart idrettslag. Det vart vedteken i FORM-141/20 at:</p> <ul style="list-style-type: none">- Sunnfjord kommune tek ansvaret for koordinering av utleige av alle idrettshallane. Oppgåva skal løysast ved å tilsette ein peron i 100% stilling ved eininga idrett og friluftsliv. Stillinga og kostnader knytt til denne skal dekkast av inntekter frå utleige av idrettshallane.- Det skal opprettast eitt felles driftsstyre for alle idrettshallane som skal sikre idrettslaga god samordning og fordeling av treningstider.- Leigesatsar skal takast opp som eiga sak og bli lagt fram for kommunestyret. <p>Leigesatsane vart lagt fram for kommunestyret 16.09.2020. Saka vart der utsatt og sendt tilbake til administrasjonen med følgjande vedtak: Før saka vert lagt fram for kommunestyret på nytt skal det saman med idrettsrådet gjennomførast ein prosess som sikrar brei og god involvering av brukarane med det som utgangspunkt at det skal utarbeidast ein felles modell for hall-leige i Sunnfjord kommune.</p>	<p>Det vart stilt spørsmål om pris for drop-inn og leige av hall i helg. Vi tolkar oversendt materiale slik at leigesats er det same for drop-in og helg.</p> <p>Barneidretten har subsidiert leige i Førdehuset. Dette kjem m.a. av at ein der ikkje har høve til å drive dugnad og/eller kiosksal.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none">- Tambarskjelvar IL ber om ei klargjering av satsane for drop-in og leige av hall i helg. Kva vert leigepris for drop-in og helg om idrettslaget ikkje kan stille med dugnad for slik bruk?- Tambarskjelvar IL ber om ei klargjering av sats for Vektløftarhallen (Naustdalshallen II). Per i dag har det vore operert med fastpris for Vektløftarhallen.- Sunnfjord kommune bør tilstrebe like prisar for tilbod mot barn og unge for å utøve idrett.

11/2020	Orientering om Instedalen skileikeanlegg og Øyra-Løken Nærmiljøområde	<p>Skianlegget er under stadig utvikling med hoppbakke, grusing og drenering av skiløypa for heilårsbruk, utbygging av klubbhus m/lager og garasje. Lysnettet er eigd av Sunnfjord kommune – det er no kome krav om ny straumforsyning (trafo) frå BKK. Det vert diskutert med Sunnfjord kommune korleis dette skal løysast med tanke på finansiering.</p> <p>4H har under utvikling Draumeplassen i same anlegget. Det vert arbeidd med å få på plass ein gapahuk ute i skiløypa (finansiering ok).</p> <p>Utstyr som vert nytta til løypekøyring i dag treng oppgradering. Det er trong for løypemaskin i anlegget.</p> <p>Øyra-Løken nærmiljøanlegg. Her vert det arbeidd med kunstgras og diskogolf, i tillegg til utvida sykkelsti med hoppeløype. I dag er det grendalaga som driftar anlegget. Det er spørsmål om Tambarskjelvar IL kan ta på seg drift av anlegget.</p>	<p>Instedalen skileikeanlegg: Åsmund utarbeider eit oppsett for mogleg finansiering av løypemaskin som vert sendt til idrettslaget for drøfting.</p> <p>Åsmund varslar avgang som Tambarskjelvar IL sin representant i skileikeanlegget (Tambarskjelvar eig 60 % av anlegget, Instedalen krins 40 %). Tambarskjelvar IL må finne ein ny representant. Alle må hjelpe til med å finne aktuelle kandidatar.</p> <p>Øyra-Løken nærmiljøanlegg: Tambarskjelvar IL ser det som utfordrande å ta på seg meir drift av anlegg. Gruppene bør drøfte korleis dei ev. kan bidra inn i drifta av anlegget. Dette vert teke opp på neste styremøte.</p>
Orienteringssaker			
12/2020	Lager på Naustdal stadion	Det vert arbeidd med teikningar for utviding av lager på bana med isolert del.	
13/2020	Samarbeidsavtale	Eksisterande samarbeidsavtale med Din Sport løper ut året. Din Sport har opsjon på å reforhandle avtalen. Det er i tillegg bedt om tilbod frå Chatlet Sport Førde. Frist for å kome med tilbod er 6.november. Tilboda vert drøfta på neste styremøte.	
14/2020	Politiattest	Det er krav om vedlegg om føremål for dei som skal søkje om politiattest. Eit slikt vedlegg vert sendt frå houvlaget til alle gruppene.	Gruppene lagar lister over kven som skal ha politiattest og sender til Pål Arve og styret (paal_m@hotmail.com og styret@tambarskjelvar.no)